



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Oddgeir Aardal
Telefon: 57 72 32 32
E-post: oaa@fmsf.no

Vår dato
16.04.2010
Dykkar dato

Vår referanse
2010/936 - 522.1
Dykkar referanse

Landbruks- og matdepartementet
Avdeling for skog- og ressurspolitikk
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr:	Doknr:
2010 / 67	26
Mottatt:	ASR/ SEB
26 APR 2010	
Saksbehandler:	410
LAA	
For:	Avskrift:

Høring, forslag om endring av forskrift om nydyrking, fråsegn

Med bakgrunn i tilrådingane i klimameldinga støttar fylkesmannen prinsippet om å slutte med nydyrking av djup torvmyr. Men forbod mot nydyrking av myr må ikkje vere absolutt, så fylkesmannen bør i ein del tilfelle kunne dispensere frå regelverket.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane støttar i all hovudsak dei faglege vurderingane som ligg til grunn for forslaget om å endre nydyrkingsforskrifta. Landbruket må ta sin del av klimaansvaret, noko som også er nedfelt i klimameldinga, st.meld. nr 34 (2006-2007). Det er viktig både å redusere utsleppa, og å auke opptaket i jord og biomasse. I så måte er myr og torv truleg temmeleg eineståande i tal tonn karbon som kan langtidslagrast pr. dekar, eit lager som i mange tilfelle også kan halde fram å vekse litt kvart år dersom ein sikrar eit vitalt mosesjikt.

For å redusere ulempene for einskildbruk kunne ein rett nok nyansere noko, slik at forskrifta heller kanaliserer nydyrkinga mot mineraljord der dette er mogleg. Bruk som ikkje har alternative dyrkingsmogelegheiter eller der transportavstand til alternative areal er urimeleg stor, vil elles bli sterkt råka. Eit totalforbod mot dyrking av myr vil også innebere å seie nei til dyrkingsmetodar som gjev avgrensa omdanning av torv og dermed svært avgrensa utslepp av klimagassar. Vi tenkjer då på moderne metodar med profilering og omgraving, der ein dekkjer eller blandar torvlaget med sand eller mineraljord. Eit interessant spørsmål er om det faktisk er mogleg å gjere torv tilgjengeleg for planterøtene (noko som føreset oksygentilgang) utan at det vil skje ei langsiktig nedbryting av dette organiske materialet til eit jamvektsnivå.

I § 2 i høyringsforslaget er myr definert som areal større enn 2 daa med myrvegetasjon og med minst 30 cm torvlag. Ofte vil myr med tynt torvlag liggje på undergrunn av morene eller sand. Då vil det også liggje til rette for omgraving og innblanding av torva i mineraljorda, noko som også kan vere heilt nødvendig for å oppnå ein god nok dyrkingskvalitet. Det er ved dyrking av djupe myrar med tjukt torvlag at vi vil få dei største klimagassutsleppa. Dersom mineraljorda vert henta opp

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 05
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

til overflata, medan torva vert liggjande i vassmetta sone, bør det i prinsippet ikkje skje noka torvnedbryting i det heile. Om dette er teknisk og agronomisk mogleg, vil det vere interessant å få utgreidd betre.

Eit viktig spørsmål er like fullt om ein skal vere nøgd med å redusere/eliminere klimagassutsleppa frå jordbruket, eller om ein også bør tilstreve opptak i form av å leggje til rettes for at myrar kan halde fram med å vekse og leggje på seg. Val av tidsperspektiv for klimatiltaka kan truleg vere avgjerande i så måte, då vokster (og truleg også nedbryting) av torv er ein langsam prosess, medan skog har mykje raskare vokster (og omløp). Skal ein realisere visjonen om eit klimanøytralt Norge, vil ein truleg ikkje kome utanom eit både-og, dvs. både utsleppsreduksjon og opptak. Det vil seie at energibruk og råvareuttak må baserast på fornybare ressursar, samstundes som ein held dei naturlege karbon- sluka vitale.

Ein bør likevel ikkje utan vidare utelate store areal som kan ha potensiale for matvareproduksjon i framtida. Matvarekrise og klimakrise internasjonalt må sjåast i samanheng. I lys av dette er det uetisk av Noreg om vi ikkje held sjølvforsyningsgraden på minimum dagens nivå, og då må regelverket leggje til rette for å auke jordbruksarealet og vidare satsing på landbruket. Anten det gjeld myr dyrking eller fjerning av skog vil det lett verte konflikt med klimaomsyn, men løysinga er heller ikkje å eksportere problema til andre land.

Årleg blir det omdisponert og bygt ned 12-15 000 daa dyrka og dyrkbar jord her i landet. Svært ofte gjeld dette dei beste jordbruksområda. Vi har ikkje nådd målet om å halvere nedbygging av dei mest verdifulle jordressursane innan 2010, slik målsetjinga var. Matjord går tapt i samband med ulike samferdselstiltak, og det er auka press mot fulldyrka jord for å skaffe areal til bustadbygging og næringsverksemd. I eit slikt bilete er det viktig at bønder som satsar for framtida får tilgang til nytt areal. Dersom vi skal oppretthalde sjølvforsyningsgraden, og det ikkje lenger skal vere tillate å dyrke myr, må jordvernet praktiserast mykje strengare enn i dag. Eit totalforbod mot dyrking av myr må også følgjast opp med tilsvarande strenge reglar og rutinar i saker der myr og torv vert øydelagt i samband med veganlegg, kraftprosjekt, tettstadutvikling og anna.


Sett i høve til omfanget av omdisponering og nedbygging av dyrka jord, er dyrking av nytt jordbruksareal svært avgrensa i Sogn og Fjordane. Statistikken viser at det dei siste 10 åra er oppdyrka om lag 2000 daa, eller om lag 200 daa per år, medan den årlege nedbygginga av dyrka og dyrkbar jord i snitt er på om lag 500 daa. Det blir altså bygt ned mykje meir areal enn det som blir erstatta ved nydyrking. Det er oftast slik at vi byggjer ned meir verdifulle jordbruksareal enn dei vi kan erstatte med nydyrking.

Kor mykje av nydyrka areal som er myr, har vi ikkje sikre tal på. Men i følgje data frå Skog og Landskap har vi om lag 123 000 daa dyrkbar mark i Sogn og Fjordane, av dette utgjer dyrkbar myr om lag 52 000 daa. Det er stor variasjon kva gjeld areal med dyrkbar myr frå kommune til kommunane og frå bruk til bruk i fylket. For ein del einskildbruk og avgrensa område i fylket vil det klart ha uheldige konsekvensar dersom det vert totalforbod mot å nydyrke myr. Dette talar for å ha ein dispensasjonsheimel, t.d.

- Der ein kan bruke klimavenlege dyrkingsmetodar; t.d. omgraving og profilering.
- Der nydyrking av myr vil erstatte leigejord som ligg langt unna (lang transportavstand gjev også klimautslepp).
- Ved bruksutbygging: når bruket manglar tilstrekkeleg med jordbruksareal og nydyrking av myr er nødvendig for å sikre produksjonen og driftsøkonomi.

Det skal ikkje vere kurrant å få dispensasjon. For å oppnå tilstrekkeleg grad av likehandsaming og måloppnåing, meiner vi at spørsmål om dispensasjon derfor bør avgjerast av fylkesmannen. Med desse atterhalda stiller Fylkesmannen seg positiv til ei forskrift som både reduserer klimabelastinga og er med på å sikre naturtypar og artssamfunn som i lang tid har vore under press frå inngrep.

Med helsing


Christian Rekkedal
landbruksdirektør


Oddgeir Aardal
rådgjevar

Kopi pr. e-post: Sogn og Fjordane fylkeskommune